

PROGRAM FOR TIME SENTERPARTI 2023-2027

BYEN OG BYGDENE VÅRE

Time kommune er i vekst. Me må møta denne veksten med langsiktig og fornuftig planleggjring. Time Senterparti vil ta heile kommunen i bruk, og utvikla alle delane av kommunen. Me vil planleggja for at dei nye husa våre vert bygde på fjell og mindre produktiv jord, at ein tek omsyn til jordvernet og at industriutbygginga er bærekraftig.

SENTERPARTIET SKAL ARBEIDA FOR:

- At all planlegging av framtidig næringsutbygging må ha eit langsiktig perspektiv, og byggjast på uproduktiv jord. Veksten i kommunen må vera berekraftig, om ikkje må den avgrensast.
- At næringsutviklinga skal ha som mål å må skaffa arbeidsplassar.
- At både Bryne og tettstadane våre skal fortettast, men ikkje utvidast. Dei langsiktige grensene for jordvern må respekterast og tydeleggjerast.
- At nye bustadfelt fortrinnsvis vert lagde til Lye/ Njåfjellet av hensyn til jordvernet.
- Å vidareutvikla Bryne som senter for vidaregåande utdanning, kultur og handel på Jæren.
- Ein restriktiv alkoholpolitikk.
- At det vert lagt til rette for breiband og god mobildekning i heile kommunen.
- At Time kommune må gjera ein innsats for å stoppa meirforbruket på vatn.
- Å stimulera til energiproduksjon på gardsbruk og privathus.

JORDA VÅR

Senterpartiet vil satsa på produksjon av god, trygg og sunn mat. Me vil arbeide for auka matproduksjon og verdiskaping frå landbruket i kommunen. Matproduksjon er dessutan beredskap, både for å brødfø befolkninga og for å sikra at jorda vert brukt på ein måte som gjer at ho kan vera eit gode for framtidige generasjonar. Time kommune har utnemnd seg sjølv til jordbrukskandidaten i Noreg, og det forpliktar.

SENTERPARTIET VIL:

- At Time kommune bidreg til at Noreg skal vera sjølvforsynt med kvalitetssmat.
- Verna matjorda. Jorda vår er den viktigaste ressursen for liv, og er ein evig verdi så lenge ho vert brukt til å dyrka mat på.
- Aktivt arbeida mot nedbygginga av jordbruksareala på Kalberg.

- At Time kommune skal vera ein kommune som satsar på, støttar og legg til rette for ei aktiv landbruksnærings.
- At det matproduserande arealet i Time kommune må aukast. Me vil leggja til rette for nydyrkning. Jordbruksareal som er vedteke nedbygd, men ikkje bygd ut, slik som t.d. Ree/Svertingstad, skal tilbakeførast til landbruksjord.
- At jordvernet skal stå sentralt i alle utbyggingssaker. Framtidig utbygging som hovedregel skal skje på fjell og mindre produktiv jord, eller gjennom fortetting.

MILJØET VÅRT

Omsynet til miljøet skal setjast framfor overdrive forbruk og vekst.

SENTERPARTIET SKAL ARBEIDA FOR Å:

- Stimulera innbyggjarane til å ta miljøvennlege val i kvardagen.
- Vektleggja miljø og klima ved offentlege innkjøp.
- Leggja til rette for å utvikla fornybar energiproduksjon, på lokale vilkår.
- Energieffektivisera kommunale bygg
- Sørga for fleire ladepunkt for bysyklane, i første omgang på Kvernaland, Hognestad og ytre delar av Bryne.
- Vidareutvikla eit kollektivtilbod som er tilpassa behova til innbyggjarane i kommunen, og som har som mål å knyta kommunen vår saman. Bestillingsskyss og faste bussruter kan vera like gode alternativ, det viktigaste er at ein kjem fram.
- Redusera prisane på kollektivtrafikken kraftig, for å gjera det meir attraktivt å reisa kollektivt lokalt.

Verda er i endring, og er mindre føreseieleg enn før. Då trengs nytenking, men utan å gå på bekostning av gode vilkår for framtidige generasjonar. Generasjonsperspektivet må liggja til grunn i alt me gjer, og det å sikra gode, bærekraftige løysingar er viktig for Time Senterparti.

Senterpartiet vil byggja samfunnet nedanfrå og opp. Me vil understreka verdien av oversiktelege eininger og lokalsamfunn der folk har tillit til kvarandre og til styresmaktene.

Senterpartiet vil ha eit samfunn med frie, sjølvstendige menneske som med tru på eigne evner tek ansvar for eige liv, for fellesskapet, natur og miljø. Menneskesynet vårt er tufta på menneskerettane og dei kristne verdiane. Kvart menneske er unikt og uerstattelig, og respekten for menneskeverdet er overordna andre verdiar.

FOLKESTYRET VÅRT

Senterpartiet vil framleis ha kort avstand mellom dei som sit i kommunestyret og innbyggjarane. Me vil arbeida for mest mogleg opne politiske prosessar, og vektleggja innspel frå grupper som ikkje er godt representerte i politiske avgjerder. Opne folkemøter er ein god måte å gjera det på.

SENTERPARTIET VIL :

- Vektleggja godt samarbeid med nabokommunane framfor ein ny runde kring kommunesamanslåing. Me fryktar at ein storkommune vil gje mindre demokrati, meir sentralisering og byråkrati. Særleg i arealforvaltninga er det viktig med samarbeid for å spara matjord.
- Halda på nynorsk som målform og administrasjonsspråk i kommunen. Samstundes må kommunen fylgja opp dei lovmessige krava til å velgja ei anna målform i skulen.
- At dei kommunale avgiftene skal haldast så låge som råd er, og at dei skal vera langsiktige og føreseielege.
- At kommunen aktivt støttar organisasjonslivet, og særleg organisasjonar retta mot barn og unge.
- Føra ein politikk som bidreg til reduserte forskjellar mellom innbyggjarane.

VEGANE VÅRE

Senterpartiet ynskjer eit godt vegnett og eit godt sykkelvegnett i kommunen. Målet er at folk kan byta ut bilen med sykkelen, og at ungane kan gå eller sykla til skulen og i fritida på ein trygg og god måte.

SENTERPARTIET SKAL ARBEIDA FOR:

- Førsteprioritet når ein bygger sykkelsti er sykkelveg til nærskulane.
- Tursti/sykkelsti mellom Undheim og Tunheim, og mellom Hognestad og Torland.
- På sikt få på plass ein god sykkelveg frå Undheim til Bryne.
- Å byggja sykkelsti i Timebakken, slik at heile turvegen rundt Nordheim vert trygg.
- At Time kommune skal gjennomføra hekk-klyppingsaksjonar før skulestart for at skolevegen skal vera trygg.
- Å løysa dei trafikale utfordringane for Frøyland/Orstad. Omkjøringsvegen må få gjennomgangstrafikken ut av Kverneland sentrum.
- Å iverksetta utbetring av krysset Ålgårdsvegen/Kvernelandsvegen.
- Vidareføra vegen frå Lyefjell mot E39.
- Å sperra for gjennomgåande tungtrafikk i Bryne og Kverneland sentrum.
- At det skal stillast krav om at vegløsingane må på plass før eventuelle utbyggingar tek til.

FRAMTIDA VÅR

Me vil at ungane våre skal få ein god start på livet. Kommunen må ta aktive grep for å forhindra utanforskap, både gjennom sosiale og økonomiske tiltak.

SENTERPARTIET VIL :

- Utgreia "Timekortet", eit gratis aktiviteteskort for barn og unge som gjev mogleik til å testa ut ulike aktivitetar. Kortet må utviklast i samarbeid med lag og organisasjonar i kommunen.
- At det skal vera tilbod om sunn og god skulemat til alle ungar i grunnskulen.
- Auka det psykiske helsetilbodet i kommunen, særleg retta mot barn og ungdom.
- Styrka og informera om arbeidet til Familiesenteret, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og barnevernet.
- Ha god kommunal fødsels- og barselomsorg.
- Ha god tilgong på helsejukepleiarar i skulane.
- Sørga for at leikeplassar og uteområde som kommunen har ansvar for vert godt vedlikehaldne.
- Oppretthalda ein kulturskule med høg kvalitet, som veks i takt med etterspurnaden i kommunen.
- At ungdom skal ha eit variert fritidstilbod, uansett kor i kommunen dei bur.

BARNEHAGANE OG SKULANE VÅRE

Barnehagane og skulane skal vera trygge stadar for borna våre, og alle elevar skal kunne kjenna at dei lukkast og meistrar i kvardagen. For Time Senterparti har det ein eigenverdi at det er ulik storleik på skulane i kommunen.

SENTERPARTIET SKAL ARBEIDA FOR:

- Ein praktisk skule, der ungane skal læra gjennom å gjera.
- Ha skular og barnehagar med høg kvalitet, og med gode uteareal som legg vekt på fysisk aktivitet.
- Auka ressursar i Timeskulen. Minstekravet er at Time er på same nivå som dei andre kommunane i Jærskulen.
- Halda på Hognestad skule.
- Vidareutvikling av skulane og fritidsaktivitetane på Lye, Undheim, Hognestad og Kvernaland.
- At skulane har god oppdekking av miljøarbeidrarar.
- Halda på eit fleksibelt barnehageopptak, med supplerende barnehageopptak for alle, uavhengig av når på året borna er fødde.

- At skulen nyttar nærmiljø og lokalt næringsliv som læringsarena og identitetsskapar, og brukar friluftsområda i kommunen.
- Gjenetablering av «pusteholstilbod» til elevar som har behov for å læra ein annan stad enn i klasserommet. Tilboden kan gjerne etablerast i lag med nabokommunane.
- Å oppretta tilbod etter Grøn omsorg-modellen for elevar som har behov for ein annleis skuledag.
- Sikra at alle elevane i skulen har tilgong på lærermiddel på like vilkår, og at det er pedagogiske hensyn som avgjer kva som skal vera på papir og kva som skal finnast digitalt.
- At alle elevane i Timeskulen skal ha same vilkåra, anten dei skriv nynorsk eller bokmål.

OMSORG FOR LIVA VÅRE

Det skal vera godt å bu i Time kommune, uansett kva livsfase ein er i. Kommunen må rusta omsorgstenestene godt, så me er budde på «eldrebølga» som vil koma om kort tid, og gjera det ein kan for å驱a førebygging framfor reparasjon. Det er viktig at både brukarar og pårørande vert møtte med respekt og vert tekne vare på.

SENTERPARTIET SKAL ARBEIDA FOR:

- Nok sjukeheimslassar av god kvalitet, med eit godt aktivitetstilbod for brukarane.
- Å styrka dagtilboden for brukarar og andre som er heimebuande.
- At Time kommune skal halda fram med å ta i bruk god velferdsteknologi, utan at det går på bekostning av menneskeleg kontakt.
- Å sikre gode legetenester og legevakt med kort ventetid og god kvalitet.
- At institusjonsmaten i kommunen skal vera næringsrik og av god kvalitet.
- At kommunen sikrar god kapasitet til å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset.
- At det vert stilt krav om robuste boligar allereie på reguleringsnivå for nye utbyggingsområde.
- Å styrka tilboden til demente og andre grupper som har særskilde behov.

INNHOLD I LIVA VÅRE

Det skal vera godt å leva i Time kommune, uansett kor i kommunen ein bur. På tvers av alder, funksjonsevne, religion, legning og opphav treng me noko meiningsfullt å bruka tida på.

SENTERPARTIET VIL :

- Møleggjera ei tidlegare deltaking i arbeids- og samfunnslivet for dei som treng det.
- Sikra ei god integrering av flyktningar i lokalmiljøet, i nært samarbeid med organisasjons- og næringslivet.

- At nye bustadfelt skal ha gode fellesareal.
- Ta vare på dei grøne areala me har i tettstadane våre, og vidareutvikla dei, så me sikrer at dei finst også i framtida. Gode grøntområde er ein føresetnad for gode kvardagar.
- Ta godt vare på dei turstiane me har i kommunen. Skal det etablerast nye, må det skje i samarbeid med grunneigarane.
- Sikra eit godt og allsidig kulturtilbod i heile kommunen for alle innbyggjarar.
- At kultur, idrett og anna frivillig lagsarbeid vert satsa på og gjeve gode vilkår.
- Syta for ei berekraftig kommunal støtteordning til kulturhus og idrettsanlegg. Det inneber og at kommunen skal samarbeida og leggja til rette for frivillige lag og organisasjonar som ynskjer å byggja nye anlegg.
- Støtte opp om og halda fram med godt samarbeid med kyrkja og andre religiøse organisasjonar.